



"Røyserett for alle" øvde inn to nye songar under den siste øvinga i Herøysund. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Torsdag kveld i neste veke held ein fin songtradisjon fram i Helgheim: "Røyserett for alle" inviterar til SYNG MED OSS, og koret lovar to timar med mykje vakker song – og musikk.**

Dette er eit arrangement som det populære koret har halde i gang i ei årrekke og som det har hatt både i Herøysund, Omvikdalen og Uskedalen. Men oppslutnaden har vore klart størst her i bygda. Korleinga vonar at mange følgjer oppmodinga også denne gongen, sjølv om det var eit avbrot i fjor. SYNG MED OSS spring eigentleg ut ifrå den populære radioserien som vart sendt i mange år og som vart leia av Bjørn Tore Andre.

- Vi vonar at det blir ein verkeleg gladkveld i Helgheim, sa leiar Lars Henrik Skogtun og dirigent Maria Malmsten til uskedalen.no under den siste øvinga i gymnastikksalen i Herøysund-skulen. Frammøtet var ikkje på topp denne kvelden grunna feriefrafer og sjukdom, men det er 36 aktive songarar denne sesongen. Dei er ikkje minst inspirerte av at koret er på veg inn i eit jubileumsår – i 2008 fyller det 20!.

I Helgheim torsdag blir det ein blanding av korsong og allsong. Koret skal syngja både renessansetonar og folketonar og har naturleg nok også sommar og romantikk på programmet sjølv om det tar til å bli haustleg. Og så skal dei framføra to nyinnøvde songar, den krevjande "Det vakreste av alla dikt" og den vakre "Du er det finaste jag vet" av Bjørn Afselius.

Ein ny samarbeidspartnar kjem også inn i билетet denne kvelden – Kvinnherad folkemusikklag leia av Arne Draugsvoll. Folkemusikarane – ti i talet - stiller ikkje opp berre med trekkspelel og feler, dei har også kvedarar til disposisjon, fortel Lars Henrik Skogtun.

Det blir også utlodning der overskotet naturleg nok går i korkassa og det blir sal av kaffi og kaker.  
– Inviter med naboen til ein kaffekopp med nogo attåt, lyder oppmodinga frå tilskiparane.

Av Ola Matti Mathisen



Dirigent Maria Malmsten er minst like inspirerende og sprudlende i denne sesongen som ho har vore før. (Foto: Ola Matti Mathisen)